

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Fredag 19.02.16 kl 15.00 - kl 17.00
Tilstede: Ragnar Omli, Siri Fossum, Ragnar Valstad, Arnt Ove Løvås, Oddveig Gikling-Bjørnå, Roy Albertsen, Arnodd Kjenstadbakk, Hilde Stokke og Bjørn Wæhre.
Forfall: Frode Haugland, Tore Johan Sandvik, Kristin Waagen og Oddbjørn Kjølvik
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 19. februar 2016

| Sak nr. | Emne | Ansvar |
|---------|---|---------------------------|
| 1 | <p>Gjennomgang av årsmelding og rekneskap, basert på plansjeserien til kretsmøta</p> <p>Oddveig orienterte om at målet i strategiplanen er nådd, men ikkje organisk vekst, dvs vekst i salet. Resultatet pga kostnadsreduksjonar. Eingangseffekt: Endring i føring av pensjonsskostnader, som betrar resultatet med 58 mill. Hærland: 30 mill i ekstrakostnad ved oppstart. Tap av volum ved Coop sitt oppkjøp av ICA påverkar marknadsandelen i daglegvare negativt. Avtalar med kjedene signert, særleg positivt med raudt kjøtt i Coop. Tilførsel: Positivt. Avskrivningar: Mykje høgare i 2015 enn 2014 pga meir investeringar i 2014 (Prima). Netto finans: Redusert pga låge rentekostnader og høgare resultat i datterselskap. Skatt: Konsekvens av forslag til fordeling av resultat. Balanse: Omløpsmidlar: Bygd lager av kjøtt, burde vore lågare, skuldast m.a. dårleg grillsesong, kyllingsal, litt i overkant med import av storfe. EK: Justert i samsvar med endra rekneskapsprinsipp. Disponering av årsresultat: Fond for vurderingsforskjeller: Positiv betyr at resultat i tilknytta selskap er høgare enn utbetalt utbytte. 3,99 % er maks rente etter Samvirkelova. Etterbetalingsfond: Alternativ til fri eigenkapital, kan seinare endrast. Fordeling av EK. Tilleggsytningar. Utvikling i råvarekostnad: Auka omsetning, med auke på råvarekostnad og ikkje andre kostnader.</p> <p>Kylling: Vert truleg tema i dei fleste kretsane. Fortsatt forhandlingar med Rema. 110 produsentar som har meldt interesse for utkjøp + 20 i Namdalen. Karenstid på 5 år ligg fast. Kyllingfondet: Trekk på 40 øre for kyllingprodusentane i minimum 2 år.</p> <p>Hærland: Dårleg beslutningsgrunnlag tilsvarer 165 mill, utvida prosjekt 75 mill og auka prosjekteringskostnad 110 mill. No går drifta som planlagt, mål om effektivisering på 105 mill i fht gml struktur.</p> <p>Egg: God drift og godt sal. Samarbeidsavtale med Danæg om foredla produkt.</p> | |
| | <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• AU ynskjer tilsendt Nortura sitt innspel til landbruksmeldinga• Er den store andelen på tilleggsytningar i forhold til avrekningspris vurdert av styret?• Svar: I den endringa som er gjort i leveringsvilkåra no, ligg meir på avrekningsprisen.• Litt uklart i avtaleverket om det vert gjeve omstillingsstøtte til storfekjøttproduksjon, og ikkje berre kjøttfeproduksjon.• Spørsmål om Nortura si oppseiing av ICA-avtalen.• Kan kome spørsmål om Kjøttcompagniet frå nisjeprodusentar, kvifor og kva det er tenkt til. Roy sender plansjeserie. | <p>Oddveig</p> <p>Roy</p> |

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 **Sakliste regionutvalsmøtet 17.03**

Brit Kari orienterte om forslaget.

Innspel:

- Uklart om det er behov for eiga sak vedk kylling.
- Marknadssituasjon, sal og slaktekapasitet på Malvik vert truleg spørsmål om.
- Alternativt Hans Thorn Wittussen i staden for Arne Kristian Kolberg.
- Avslutte møtet 30 minutt tidlegare.
- Roy kan ta med noko om drift Malvik.
- Plussprodukt Malvik i eigen presentasjon seinare.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 **AU-møte 16.03**

Møtestart kl 18.00 – kl 20.30.

4 **Eventuelt**

- Møte med Nord-Trøndelag Bondelag i forkant av jordbruksforhandlingane: Ragnar deltatt på møte, fokus på auka storfekjøttproduksjon. Redusere grovfôrkostnad og betre grovfôr kvalitet. Miljø, klima og det grønne skiftet: Ha offensiv haldning og strategi. Oppretthalde beitebruk.
- Møte med Sør-Trøndelag Bondelag i forkant av jordbruksforhandlingane: Arnt-Ove deltatt på møte, fokus på matproduksjon i balanse. Geografisk spreing på svineproduksjon, auka transportstøtte på slakt og egg, unngå endring i konsesjon egg, tilskot til gjenetablering av beite, tilskot på produsert storfekjøtt, ombygging til lausdriftskrav, marknadsbalanse sau, inntektsføring av kompensasjon kylling over 5 år, m.m.